



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 22. januar 2016

NVE

KLAGE – VEDTAK OM KONSESJON TIL MORGÅDALSELVA KRAFTVERK I RAUMA KOMMUNE

Viser til dykkar ref. (KSK-notat 101/2015)

Naturvernforbundet klagar med dette på vedtaket om å gi konsesjon til Morgådalselva kraftverk i Rauma kommune. Vi ber om at vedtaket blir omgjort, og at søknaden blir avslått.

Naturvernforbundet arbeidar i hovudsak med naturmangfald og friluftsliv. Viss det er nødvendig kan vi gjere nærare greie for vår klagerett.

Hovudpunkt i klaga gjeld ei biologisk kartlegging med store manglar, store landskapsmessige inngrep og at friluftslivsverdiane er sett med for låg verdi.

Sakshandsaminga

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har vore aktive med innspel til småkraftverksakene i mange år. Det siste året har vi etter oppmoding frå fylkeskommunen om samordning frå den grønne familien gjennom Forum for natur og friluftsliv (FNF) vore med på deira fråsegn, også i denne saka. Vi møtte også på synfaringa hausten 2015 for FNF.

Under synfaringa blei det klart at det ville kome ein justert søknad frå utbyggjar og at denne skulle sendast på ein avgrensa høyringsrunde. I påvente av ein slik søknad skreiv Naturvernforbundet ein rapport til FNF med det som vi fann under synfaringa. Sidan vi ikkje leverte eiga fråsegn, rekna vi med at høyringsbrev berre ville bli sendt til FNF. Vi bad FNF om å få tilsendt høyringsbrevet, slik at vi kunne tilpasse våre innspel etter synfaringa til den justerte søknaden. Under synfaringa opplevde

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

vi utbyggjar som veldig bakpå med planlegging og vurdering av plassering av inntaksdammar osb., så vi rekna med at denne justeringa kunne ta noko tid. I midten av desember tykte vi det gikk lang tid for å justere søknaden, og var i ferd med å kontakte NVE for å høyre kva som var skjedd. Då kom vedtaket. Vi har i etterkant fått vite at høyringsbrevet var blitt liggande hos FNF.

Dette fråtok oss moglegheita til å spele inn ein del vesentlege moment i etterkant av synfaringa. Når denne moglegheita forsvann, blir vi nøyddde til å klage i staden, sidan ganske mykje av dette ikkje er fanga opp i vedtaket. Vi gav elles uttrykk for under synfaringa at det ville kome eit slikt innspel, på grunnlag av ganske vesentlege observasjonar under synfaringa, så slik sett er vi noko undrande til at ikkje sakshandsamar tok ein telefon eller sendte ein e-post til FNF for å høyre om det kom noko.

Plana for anlegget og høyring

Denne saka blei sendt på høyring 9.12.2014, med høyringsfrist 20.3.2015. Dette er ei tid på året då det oftast er uråd å drive med grundigare undersøkingar knytt til biologisk mangfald. Feltarbeidet i denne småkraftpakka gjorde Naturvernforbundet i september 2014, før endeleg søknad låg føre, i mangel av noko betre, sidan vi hadde høyrte at pakka ville kome. Då klarte vi å sjå over 3 vassdrag i Rauma og 2 i Nesset i denne pakka, før det blei vinter. Morgådalselva var ikkje mellom desse, då ein gjennomgang av søknadene peika mot at andre vassdrag var meir nødvendig å sjå på. Det tyder at ein er prisgitt det som kjem fram i søknaden.

Først ganske tett oppunder synfaringa i september 2015 kjem det så eit revidert plankart for tiltaket. Det forundrar oss mykje at ein slik plan ikkje er meir gjennomarbeidd på søknadstidspunktet. Det har også vore ei synfaringa 9. – 11. juni 2015 som bør vere eit høveleg tidspunkt for å få på plass det som mangla. Når ein sjølv etter sluttsynfaring i september 2015 er nøydd til å kome med justeringar som skal på tilleggshøyring, så meiner vi dette grenser til useriøst. Desse sakene er kompliserte nok frå før av og krev mykje arbeid, og slike uklarheiter krev meir arbeid frå oss, og det gjer moglegheitene våre mindre for å sjå på det som er aktuelt prosjekt til slutt. Det er søkjar som skal dokumentere at prosjektet ikkje har større negative verknader enn at det kan bli gitt løyve, og då kan ikkje søkjar servere eit så lite gjennomarbeidd prosjekt.


Då vi oppsøkte inntaksområdet dagen før synfaring i september 2015 fann vi ein del merker i marka ved inntaksområdet. Det viste seg i etterkant at desse merka var feil. Det fekk vi opplyst av han som representerte søkjar då vi møtte han eit stykke ned i lia då vi var på veg heim. På synfaringsdagen var inntaksstaden elles ganske vagt peika ut, litt alternativt.

Eit anna sentralt punkt i dette prosjektet, vegløysinga, er også vagt. Då vi gikk oppover omtrent i røytraseen, så var stigninga og vegføring eit tema. Utbyggjar verka å ha heile terrenget til disposisjon og vegen ville bli lagt der han måtte gå, kor no det kunne bli hen. Dette prosjektet vil vere ille nok om vegen følgjer røyrgata, og vegføring i slyng i terrenget vil auke inngrepet ytterlegare.

Kartlegging av biologisk mangfald


Det er Sweco Norge som har gjort kartlegging av biologisk mangfald i denne saka. Vedlagt søknaden følgjer logg for kvar Sweco har gått i terrenget. Vi legg merke til at denne ruta viser at biologen ikkje har vore ned til elva i inntaksområdet. Lenger ned har biologen vore ved

elvestrengen ein stad, i tillegg til ved kraftstasjonsområdet. Med det som grunnlag seier dei: «I øvre del av prosjektområdet, ved og rundt inntaksområdet er det en god del løsmasser, ulent terreng med mye tett fjellbjørkeskog, med noen partier med fattigmyr innimellom. Arter og grupper som dominerer på disse er torvmose, rome, blåknapp, tuer med stor bjørneskjegg, blåtopp, øyentrøst, små bjørneskjegg, smalsoldogg, rundsoldogg og tettegress. I skråning ned mot selve elva domineres vegetasjonen av ulike lyngarter som; røslyng, blåbær, blokkebær, tyttebær og krekling.»



Figur 1. Sweco si synfaringsrute, henta frå søknaden.

Naturvernforbundet, som i motsetnad til Sweco ikkje får betalt for kartlegging, kan om det same området opplyse om følgjande artsmangfald:



Figur 2. Frå Artskart 5.1.2016. Oransje rektangel viser området der observasjonane er gjort.

arve	1
bjørk	2
bjørnebrodd*	2
bjørnekam	1
bleikstarr	1
blokkebær	1
blåbær	2
blåklokke	2
blåknapp	2
blålyng	3
blåtopp	1
dvergjamne*	10
finnskjegg	1
firkantperikum	1
fjellkrekling	1
fjell-lusegras	1
fjellmarikåpe	1
fjellsyre(*)	5
fjelltimotei	1
fjelltistel*	9
frynsestarr	1
fugletelg	1
føllblom	1
geitrams	1
geitsvingel*	2
gjøkesyre	1
gullris	2
gulsildre*	3
harerug	3
hengeaks**	2
hengeving	2


hvitbladtistel	2
hvitlyng	1
klokkevintergrønn	1
kranskonvall**	1
kekling	1
liljekonvall**	2
myrvier	1
nikkevintergrønn	1
perlevintergrønn	4
rogn	2
rome	1
røsslyng	1
skavgras*	3
skogmarihand**	3
skogsnelle	1
skogstjerne	1
skogstorkenebb	3
skrubbær	1
smyle	1
småengkall	3
stjernesildre	1
stormarimjelle	1
sumphaukeskjegg**	3
svarttopp*	9
sølvbunke	2
teiebær	2
tepperot	2
tettegras	1
turt**	5
tyttebær	2

Figur 3. Artar merka med * indikerar ofte kalkpåverknad, ** rikare tilhøve. Det er i alt registreringar for 29 ulike punkt.

Innafor området har dessutan Steinar Stueflotten den 23.7.2010 observert skavgras og ein del fugleartar som ligg innafor utvald rute: granmeis, dompap, løvsanger, ringtrost, fossefall, heipiplerke, rødstrupe, orrfugl, blåmeis, spetteeis

Under synfaringa 2.9.2015 nemnte Naturvernforbundet sin representant omtrent øvst i røytraseen at terrenget såg ut til å ha potensiale for kvitkurle. Å leite etter kvitkurle i september er som å leite

etter nåla i høystakken. Men Steinar Stueflotten har observert kvitkurle i dette området tidlegare. Funna er ikkje innlagt på Artskart, men personleg meddelt. Funna er plassert på kart etter koordinatoppgåve.



Figur 4. Kvitkurlefunn, etter oppgåve frå Steinar Stueflotten. Innafor firkant er det tale om i alt 12 individ, punktet lenger sør viser til eit individ. Vernegrensa syner med grøn strek.

Funna gjort av Naturvernforbundet og Steinar Stueflotten fortel noko anna enn det som følgjer av Sweco si undersøking. I sig og langs elva finst det i heile dette området artar som indikerer kalk eller noko rikare tilhøve. Dette gir eit anna potensiale for artsfunn enn den artslista Sweco har presentert.

Raudlistearten kvitkurle finst rett på oppsida av inntaksområdet, og det er grunn til å tru at han kan finnast øvst i røyrгатetraseen. For å kartlegge kvitkurle må ein helst vere i området i juli. Viss ein ikkje kan kontrollere området på denne tida, må ein legge til grunn at det er eit betydeleg potensial for førekomst av kvitkurle på staden. Kvitkurle står på raudlista som følgje av tilbakegang knytt til slåttemark og naturbeitemark. Arten ser ut til å klare seg noko betre i område som her, viss han altså ikkje blir utsett for nedbygging. Det mest aktuelle området for kvitkurle er omtrent der utbyggjar har tenkt å grave seg ned 6-8 meter med røyret, altså ikkje staden for finmanøvrering mellom kvitkurlene som måtte vere der.

Sweco har her oversett artar som er lette å sjå, t.d. svarttopp og skavgras, og dei er heller ikkje til å ta feil av, og komen til feil konklusjon om området. På 26 av dei 29 registreringspunkta som ligg på Artskart, jf. fig. 2 og 3, er det anten kalkindikatorar eller artar som indikerer rikare flora. Ei oppsummering med konklusjon om «*fjellbjørkeskog, med noen partier med fattigmyr innimellom*» er noko heilt anna enn fjellbjørkeskog med mange flekkar og sig der ein finn klart kalkindikerande artar og rikare tilhøve.

Elles skal det i følgje rettleiar 03.2009 punkt 4.3 gjerast ei vurdering kring førekomst av raudlisteartar: «*Videre skal forekomst eller sannsynlig forekomst av rødlisterarter i undersøkelsesområdet beskrives. Dersom det konkluderes med at sannsynligheten for funn av rødlisterarter er liten, må det gis en faglig begrunnelse for denne konklusjonen.*» Dette punktet har Sweco brydd seg lite om. Med funnlista i fig. 3 er det ikkje det minste underleg at Stueflotten har funne kvitkurle i dette området. Sweco sitt kartleggingssystem, eventuelt biologane som har vore her, har visst ikkje dei føresetnadene som er nødvendig. Med dei observasjonane som er gjort, og ikkje minst ikkje gjort av Sweco, ville ein konklusjon dessutan fort ha blitt heilt feil.

Ein del av vegtraseen er heller ikkje undersøkt av biolog. Vi kan melde at det langt nede i vegtraseen, ikkje så langt frå innteikna røyrtrase, ligg ei myr med artsinnslag som peiker i retning intermediær myr. Vi har notert artar som dvergjamne, gulstarr, loppestarr, bjønnbrodd, geitsvingel, kornstarr og hengeaks.



Figur 5. Frå v. Artskart, med refererte funn i rute, kart i revidert søknad og rute for Sweco si synfaring.

Kva som kan vere elles i dette området er jo ikkje godt å seie, sidan det ikkje er undersøkt.

Elles kan vi også melde at det er gulsildre knytt til sjølve vasstrengen på høgde 140 moh. Saman med funna som er gjort lenger opp i elva, indikerer det at det sannsynlegvis er noko kalkpåverknad i alle fall stadvis langs elva.

Når vi har funne tre ulike miljø med kalkpåverknad der Sweco ikkje har funne nokon, så må ein stille spørsmål til Sweco si kartlegging. Det går elles fram at Sweco ikkje har sett noko større på lav og mosar. Vassdraget renn mot nord, og det er ein del parti med vegg og blokk som gjer at det finst tilhøve for mose og lav langs elva. Enkelte stader står det elles noko skog langs elva, som aukar potensialet for desse artsgruppene. Dette er ikkje undersøkt.

Fisk

Sweco konkluderer med at anadrom fisk ikkje gjer seg nytte av elvestrekninga ovafor omsøkt kraftstasjon. Vi registrerte under synfaringa 2.9.2015 at det fanst andre oppfatningar om dette spørsmålet. Sjølv om den aktuelle elvestrekninga ikkje er ideell for anadrom fisk, vil kvar ei endring i negativ retning ha betydning for sjøaure og laks som bae er artar som blir mykje negativt påverka elles.

Verknad av veg

Ein veg i ei li som her vil syne mykje i byggeperioden. Sjølv om det er sagt at vegtraseen skal revegeterast etter dette, så vil dette vere eit stort inngrep i mange år. Eit anna spørsmål er om vegen vil bli tilbakeført til terreng etter byggeperioden. Så lenge dette ikkje er ein del av konsesjonsvilkåra, ser vi at grunneigar og kommune ofte blir samde om noko anna når det går ei tid. Vi meiner difor at ein må legge til grunn inngrepsnivå som om vegen vil vere i bruk også etterpå, sjølv om intensjonen no er ein annan.

I tillegg til den visuelle verknaden vil ein veg som passerar «brekket» opp mot fjellbjørkeskogen bety at områda innover i fjellet blir eksponert for støy. Dette er ei vesentleg endring samanlikna med nosituasjonen. Dette området har svært gode kvalitetar for naturbasert reiseliv som er eit viktig satsingsområde i Rauma kommune.

Ein kunne elles legge merke til at stien oppetter lia var noko vedlikehalde. Det var spor både etter merking og litt rydding av vegetasjon. Kor stor bruken av ein slik sti er kan vere vanskeleg å ha ei rett formeining om, men det går heilt klart ein del personar langs stien i denne lia kvart år. Opplevinga vil bli noko heilt anna om det blir bygd ein veg.

Vassdragsplana i Rauma kommune

Vassdragsplana i Rauma kommune består av to delar. Den eine delen er ein fagleg gjennomgang av dei ulike vassdraga i kommunen, der ulike eigenskapar er verdsett og det er gjort ei viss rangering av vassdraga på det grunnlaget. Den andre delen er ei omfattande høyring og eit politisk vedtak. Så langt vi kjenner til er det i ettertid ikkje gjort noko fagleg arbeid for revisjon av denne plana. Dei endringane vi kjenner til er at fleire vassdrag i gul og raud sone er bygd ut, noko som bør tilseie at dei som er igjen er endå viktigare å la renne urørt. Det har heller ikkje vore noko ny høyring.

Rauma kommune har gjennom eit vedtak utan førutgåande revisjon av fagleg grunnlag og utan høyringsprosess sett delvis bort i frå det planvedtaket som er gjort i si. Det er uvisst om kommunen si vurdering tyder at det t.d. ikkje er noko vassdrag igjen i raud sone i kommunen. I så fall må andre mynde gjere vurderingar av kva vassdrag som det er mest om å gjere å halde unna småkraftutbygging, når kommunen sjølv har slutta med det. Det Rauma kommune har gjort i denne saka er meir ei polistisk ytring som ein ikkje skal forveksle med vanleg politisk handverk som er nødvendig for ein revisjon av vassdragsplana. Sjølv om det har gått ein del år sidan plana er vedtatt, så ligg det stor verdi i det vedtaket som blei gjort den gongen, som ein ikkje kan sjå bort i frå.

Når ein går inn i sakshandsaminga for Rauma kommune si fråsegn, finn ein eit vedtak i formannskapet 24.02.2015, med presentasjon av alternativt forslag frå representanten Torbjørn Rødstøl:

«Vassdragsplanen er fra 2006 og er dessverre ikke rullert siden den ble vedtatt. Planen vurderer kraftutbygging på generelt grunnlag innen avgrensede delområder. Rauma kommune finner det vanskelig å legge til grunn kriteriene i rød sone for de omsøkte prosjektene, uten å vurdere det enkelte utbyggingsprosjekt separat. En slik vurdering ville kreve en mye lengre og grundigere saksbehandling enn det som er mulig i denne høringsrunden.»

Rauma hadde i 2006 ein vassdragsplan der dei etter eit betydeleg fagleg innsamlingsarbeid og to rundar med høyring prioriterte vassdraga sine i tre kategoriar, grøn, gul og raud. Den gongen hadde

kommunen ei samla vurdering, sjølv om plana ikkje var fullkome.

Ved formannskapsvedtaket 24.2.2015 blir det tvert om sagt at det er greitt nok med utbygging, for det er krevjande å vurdere noko anna svar. Når dette blir lagt til grunn, har ikkje Rauma kommune lenger ei sortering mellom gul og raud kategori, og overlet denne sorteringa til andre.

Det er same utbyggar og same kartleggar for biologisk mangfald for fleire av desse sakene. Det bør gi eit visst utgangspunkt for å samanlikne verdiar i dei ulike prosjekta og seie noko om prosjekta opp mot kvarandre. Den invitasjonen tar ikkje Sweco.

Ganske mange av høyringspartane har gitt uttrykk for at Morgådalselva ikkje bør byggast ut, og viser til samla vurdering av fleire vassdrag i denne pakka og i dette området.

Søkjar sine kommentarar

Søkjar kommenterer nokre utsegner:

«I forbindelse med utarbeiding av konsesjonssøknad er utført undersøkingar og gjort registreringar av biologar som er mykje meir omfattande og detaljerte enn det som vart gjort i forbindelse med vassdragsplanen. Ut i frå dette meiner vi at Vassdragsplanen ikkje bør vektleggast i for stor grad i høve til handsaminga av prosjekta».

Naturvernforbundet meiner at undersøkingane som er gjort no ikkje tilfører kvalitetar som gjer dei meir eigna i samband med vassdragsplana. Dessutan er moment til samanlikning mellom dei ulike vassdraga heilt fråverande i Sweco sitt materiale.

Utbyggjar: *Etter vårt syn vil ei slik utbygging kunne gje endå betre tilgong til området og våre erfaringar frå andre idriftsette prosjekt viser at eit område blir meir nytta av ålmenta i tursamheng etter ei slik utbygging.*

Naturvernforbundet er klar over at vegløysingar t.d. i byar får mange fleire folk ut. Karl Johansgate i Oslo er eit av dei viktigaste friluftsområda i Noreg om ein tel folk og barnevogner. Viss ein skal få flest mogleg ut, så bør ein sprengje vekk mange fleire fjell og legge mykje meir asfalt. Men det er ikkje det som er poenget. Mange av dei som oppsøker område som dette vel nettopp denne typen område fordi dei ikkje vil gå på flat og asfaltert veg. Ein del av våre medlemmer (og truleg mange andre) ser etter andre kvalitetar enn å gå opp ein grusveg og skrive namnet sitt i ei postkassebok. For denne gruppa er utbygging svært negativt. Denne gruppa er ein del av ålmenta.

Eit tilretteleggingstiltak som ville hatt stor positiv effekt for friluftslivet er ei lita flate ved eksisterande veg der det står ein liten P som syner at ein kan setje frå seg ein bil eller to, men for noko slikt treng ein ikkje bygge ut elva.

Søkjar: *«Vi har fått opplyst at 60 % av Rauma kommune er definert under ulike vern og vi er overraska over at FNF ikkje ser at områda som er igjen må takast i bruk dersom ein skal kunne leve av naturen i desse områda.»* Eit av verneområda det er tale om, Sandgrovbotn-Mardalsvatn biotopvernområde er på totalt 142 km², mykje av dette i Rauma kommune. Verneforma skuldast at andre vernetypar var uaktuelle som følgje av betydeleg med kraftutbygging i området. Sjølv om det er verna, så er det ikkje det same som at kraftinteressene er jaga ut av området. I nemnte verneområde ligg Grøttavatnet med si 50 meter høge reguleringssone og tilhøyrande nedbørsfelt. Dei andre nedbørsfeltene er også i kraftverka si teneste. I dette biotopvernområdet er det igjen to nedbørsfelt som ikkje inngår i kraftproduksjon, Morgådalen og Soredalen. Med konsesjonane som er gitt i

denne pakka, er det den delen av Soredalen som ikkje er med i Loftdalselva som er igjen. Det utgjør 4 km² og det er nokre små restareal i Nettet også. Nærare 95% av dette vernearealet er difor i nedbørsfelt som blir nytta til kraftproduksjon. Går ein etter mange av dei vassdraga som er bygd ut dei seinare åra, ligg delar av nedbørsfelt i verneområde. Utbyggjar kan lett forståast slik at han er misnøgd over berre å kunne boltre seg på 40% av arealet i kommunen. Sanninga er altså ein heilt annan. Vi blir i grunnen lei oss når utbyggjar prøver å ta for seg, og henger ut friluftsansjonane som grådige på ein slik ugrunna måte.


Konklusjon

Den biologiske undersøkinga er så mangelfull at det har gitt feil grunnlag for vedtak. Vegframføring får stor verknad for landskapet nede i dalen og likeeins i fjellet. Verdien av området for friluftslivet er undervurdert. Vasskraftutbygginga har fått sitt, sjølv om dei ikkje bygger ut Morgådalselva.

Med vennleg helsing

Øystein Folden

leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal



Figur 6. Frå nedre del av strekninga som renn bratt. Til høgre blei det funne gulsildre. Elles ser ein at det er skog nok til at deler av elva ligg nokså mykje i skugge. Foto: Øystein Folden 2.9.2015.